



Dette er dei sigrande Nesjarane. Frå venstre sit Jørgen Jørgensen frå Egersund, Oddlaug Yri Jørgensen frå Egersund, Dag Hermansen frå Bergen, Berit Lappegård frå Bergen, Mona Enes frå Husnes og Gjert Hermansen frå Bergen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Påskemorgen slukker sorgen, men kor lenge?
Kor mykje skatt har kvinnheringane til gode?
Kva er ein belgisk kjempe?**

Dette er tre av spørsmåla som vart stilt i dei 5 innleiande rundene under påskequizen som Aktivitetshusets Damevenner avvikla i Helgheim laurdag kveld. Quizen må innregistrerast som ein stor suksess og bør få ein reprise seinast neste påske.

Det stilte opp 17 lag, dei fleste frå Uskedalen, men også med innslag av påskegjester og quiz-frelste frå Husnes og Herøysund. Ettersom det var høve til å stilla med opptil 6 på laget, betyr det at nærare 100 fekk trimma hjernevinningane sine i ein tradisjonsrik ramme denne kvelden. Og apropos tradisjonsrik: Helgheim er den heilt rette arena for eit slikt arrangement, men sin atmosfære og intimitet.

Når det så gjeld prestasjonane er det grunn til å vera imponert, for spørsmåla var allsidige og krevjande og eigna til å skilla klinten frå kveiten. Likevel vart det eit spanande oppgjør som understreka ein høg standard. Det var ikkje berre tradisjonelle, muntlege spørsmål, men også visuelle nøtter og ein susterunde med stikkord som verkeleg slo an.

Ein mann fortener spesiell ros i tillegg til alle dei flinke damene: Albert Nybakk gjorde ein framifrå jobb som quizleiar. Han mista aldri styringa i ei krevjande oppgåve.

Etter ein hard kamp var det laget Nesjingane som gjekk til topps. Og kven var så det? Det var eit skarpskodd team med innslag både frå Bergen, Egersund og Husnes som har det til felles at dei også er djupt forankra på Neset i Uskedalen.

Damevennene bør også berømmast for ein framifrå service med omsyn til sal og servering av mat og drikke.

Påske-quizen understreka Uskedalen sin posisjon som staden for profesjonelle arrangement. Det er ikkje berre Husnes og Rosendal som kan det!

Dette er resultatlista:

- 1.Nesjarane 103**
- 2.Pondus på tur 99**
- 2.Nilsens hevn 99**
- 4.Stol på oss 88**

- 5.Humlepungen 86**
- 6.Bråtuns disipler 81**
- 7.Påskekyllingane 79**
- 8.Lav IQ no 78**
- 9.Team B 77**
- 10.Hanen og kyllingane 75**
- 11.Team Myro 73**
- 12.Team Lollol 71**
- 13.Ole Bjørns 70**
- 14.Vindauga nr.2 69**
- 15.Nina & The Heartbrakers 67**
- 16.Marits håpefulle 63**
- 17.Du og ego og vi to og dei to 55**

Av Ola Matti Mathisen



Leiinga for påskequizen styrte arrangementet med stor profesjonalitet frå start til slutt. (Foto: Ola Matti Mathisen)